## Kluge Marianne

**Fra:** Postmottak OED

**Sendt:** 29. mars 2005 12:07

**Til:** Kluge Marianne

**Emne:** VS: heimfallsutvalet si innstilling.

-----Opprinnelig melding-----
**Fra:** Harry Mowatt [mailto:harry.mowatt@hyllestad.kommune.no]
**Sendt:** 29. mars 2005 12:04
**Til:** Postmottak OED
**Emne:** heimfallsutvalet si innstilling.

Vedlagt følgjer uttale frå HAFS regionråd - som er eit fellesorgan for kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen.

Vi ber om at vår fråsegn følgjer saka.

Med vennleg helsing

Harry Mowatt
leiar HAFS/ordførar i Hylløstad.

HEIMFALSSUTVALET SI INNSTILLING-
HØYRINGSUTTALE FRÅ HAFS REGIONRÅD

HAFS regionråd – der kommunane Hyllestad,Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen er medlemer- drøfta Heimfallsutvalet si innstilling på møte i Leirvik den 14.2.05. Det var semje i møtet om å signalisere sterk støtte til mindretalet si innstilling. Leiaren fekk i oppdrag å summere opp regionrådet sitt syn overfor departementet.

Vårt syn kan kort oppsummerast slik:

1. HAFS regionråd stiller seg undrande til at fleirtalet i utvalet så lett gjev opp ein viktig nasjonal posisjon – utan at ein i det heile gjer seriøse forsøk på å opne forhandlingar med ESA. Så langt har det norske synet vore at spørsmål som går på "erverv" av rettar til vassfall, konsesjonsspørsmål og spørsmål om heimfall – ligg utanfor EØS-avtalen sitt verkeområde, jmfr og Vassressursutvalet si innstilling frå 1994.

2. Dersom det etter forhandlingar skulle vise seg nødvendig å endre norsk politikk på dette området, støttar vi mindretalet sitt framlegg. Vi legg til grunn at regelverket må få ei slik utforming at det ikkje hindrar fornuftige omstruktureringar i frantida. Transaksjonsmodellen må såleis tilpassast dette behovet.

Med helsing for
HAFS regionråd

Harry Mowatt
leiar